

I Sommertid på TV2 har Festidalen fått meir positiv omtale. I ein samtale mellom Asbjørn Slettemark og Torbjørn Røe Isaksen kom dei inn på kor mange små og store festivalar vi har fått i landet vårt i dei siste åra og kva dei har å sei for dei ulike lokalsamfunna. Slettemark trakk fram Festidalen som eit døme på kor viktig slike arrangement er for ei lita bygd og ein liten kommune som vår

Han meiner Festidalen kan vera eit verktøy for å halda på ungdomen og ikkje minst få ungdom som er ferdig utdanna til å vende heim att.

Om Festidalen hadde vore ein realitet då Slettemark vaks opp, så meinte han det hadde vore mykje vanskelegare å forlata kommunen,

I BAKGRUNNEN KUNNE VI OG SJÅ EIT BILETE AV DET FLOTTE FESTIVALOMÅDET PÅ DØNHAUG.

DET ER VEL IKKJE TIL Å LEGGJA
SKJUL PÅ AT FESTIDALEN ER MED PÅ Å SETJA USKEDAL OG
KVINNHERAD PÅ KARTET.

Tekst: Odd Steinar Arnesen
Nett: Ola Matti Mathisen